



DEN NORSKE KIRKE

Bjørgvin biskop

"Det er godt å ha nokon å snakke om tenesta med"

-eit brev om arbeidsrettleiing (ABV – arbeidsveiledning)

Det er mange tilbakemeldingar på møtet med ABV. Sitatet over er ei av dei.

Med nokre enkle ord seier den noko grunnleggjande om kva som gjer rettleiing så verdifullt.

Vi treng nokon å snakke med om arbeidet vårt.

I år er det 25 år sidan eit samla kyrkjemøte stilte seg bak å etablere ABV som eit tverrfagleg tilbod i kyrkja. Då var ein allereie i gang nokre stader, men med vedtaket i kyrkjemøtet tok ABV eit viktig steg vidare mot der vi er i dag:

- ei stort tal kyrklelege medarbeidarar har fått og får rettleiing - både individuelt og i gruppe
- mange har tatt arbeidsrettleiarutdanning(AVU) i fleire utdanningsrundar
- nye grupper medarbeidarar har blitt med i ABV
- organiseringa av arbeidet har vore i utvikling og endring
- fagdagar og konferansar har lagt til rette for kompetanseutvikling
- ulike faglege tilnærmingar har lagt til grunn for arbeidet og vist fleire vegar til målet

Tilbakemeldingar, undersøkingar og erfaringane som er gjort fortel tydeleg at dette er eit godt tiltak. ABV har betydd mykje for mange. ABV har vore, er og vil i framtida vere eit av dei viktigaste tiltaka for å ivareta kyrklelege medarbeidarar, gi rom og gode rammer for refleksjon over praksis, og leggje til rette for fagleg og personleg utvikling og vekst.

I haust starter vi opp nye ABV-grupper i Bjørgvin. Gruppene vil vere kontinuerlege, lik dei som allereie er i gang. Det vil seie at ein kan vere med så lenge ein ynskjer. Ein bind seg for eitt år om gongen, men kan vere med i fleire år.

ABV er eit tilbod til alle. Dei nyutdanna prestane skal vere med i ei vegleiingsgruppe, men ABV er eit tilbod i *alle* fasar av tenesta. Til dømes vil ei av gruppene som startar opp i haust vere ei seniorgruppe, men dei fleste gruppene vil vere tverrfaglege og med deltarar på ulike stader i tenesta.

ABV er ein del av arbeidet, og rettleiinga skjer i arbeidstida. Rettleiar og deltarar i ABV har tieplikt. Arbeidsgjevar si oppgåve er å leggje til rette for at ein kan bli med, og gi den enkelte medarbeidar dra-hjelp og frimod til å prioritere det.

Som biskop har eg ansvar for å leggje til rette for ABV i bispedømet. Det er personalpresten som administrerer arbeidet. Har de spørsmål så ta kontakt med han. Sjå og heimesidene våre kor de vil finne nærmere informasjon om ABV-arbeidet og gruppene som startar opp.

Velkomen med og lukke til med samtalen!

Halvor Nordhaug
biskop

Postboks 1960 Nordnes
5817 BERGEN
Besøksadr: Strandgt. 198

Telefon: 55 30 64 70
Telefax: 55 30 64 85
e-post: bjoergvin.bdr@kirken.no

Bankgiro: 8276.01.00370
Org.nr.: 974 763 575